



Langsiktig årsplan for barnehagane i Hemsedal kommune 2024 - 2028



Figur 1 regnbueløva

Innhold

1.0 VISJON OG PEDAGOGISK GRUNNSYN.....	2
1.1 Visjon for barnehagane i Hemsedal.....	2
1.2 Barnehagane sitt pedagogiske grunnsyn.....	2
2.0 PRESENTASJON AV BARNEHAGANE I HEMSEDAL I Hemsedal har me to kommunale barnehagar som tek imot born i alderen 0-6 år.	2
2.1 Ulsåk barnehage.....	3
2.2 Tuv barnehage.....	3
3.0 FAU OG SU.....	3
4.0 Gjeldande avtaleverk for barnehagane i Hemsedal.....	4
4.1 Lov om barnehagar.....	4
4.2 Rammeplan for barnehage.....	4
4.3 Årsplan.....	4
4.4 Vedtekter og ulike planar for barnehagane i Hemsedal kommune.....	4
4.5 Tilsyn.....	5
Hemsedal kommune fører tilsyn med barnehagane etter Lov om barnehagar. Dette for å sjå til at drifta både er lovleg og fagleg god nok. Det er utarbeida ein tilsynsplan og rutinar for dette, i samarbeid med dei andre kommune i Hallingdal. Denne planen seier noko om kva type tilsyn kommunen som myndigheit har ansvar for (barnehagemyndigheit). Tilsynet vil ta utgangspunkt i paragrafar i barnehagelova. Tilsyn er som oftast varsla, men kan også vere uvarsla.....	
4.6 Aktivitetsplikt.....	5
5.0 INNHALD.....	5
5.1 Informasjon.....	5
All informasjon frå barnehagen skjer via appen «Visma – min barnehage». Sensitive opplysningar som t.d. referat frå møter får de via «Visma - sikker sak» i Digipost.....	
5.1.1 Min barnehage-app.....	5
Les informasjon om «min barnehage – føresett app» her Kommuniser med barnehagen din Visma Min Barnehage - Visma.....	
5.1.2 Tilvenning.....	6
5.1.3 Arbeidet med borna.....	6
5.1.4 Medverknad.....	6
5.1.5 Omsorg.....	6
5.1.6 Leik og læring.....	7
5.1.7 Språk.....	7
5.1.8 Inkluderande barnehagemiljø.....	7
5.1.9 Måltid.....	8
5.1.10 Samanhengar.....	8

5.2 Miljøfyrtårn.....	8
5.3 Trafikksikker barnehage.....	8
6.0 Samarbeid.....	8
6.1 Samarbeid med føresette.....	8
6.1.1 Barnehagen sine forventningar til føresette.....	8
6.2 Tverrfagleg samarbeid.....	9
6.3 Sorg og kriseteam.....	9
6.4 Personalsamarbeid.....	9
7.0 Planlegging, dokumentasjon og vurdering.....	9
7.1 Ulike fristar.....	9

1.0 VISJON OG PEDAGOGISK GRUNNSYN

1.1 Visjon for barnehagane i Hemsedal

Barnehagane i Hemsedal ynskjer å gje borna ein trygg og god grunnmur som me byggjer i samarbeid og forståing med heimane. Me skal være barnehagar med autoritative vaksne som møter born og føresette med varme og krav.

1.2 Barnehagane sitt pedagogiske grunnsyn

Den pedagogiske plattformen i barnehagane byggjer på relasjonspedagogikk. Me har fokus på gode relasjonar mellom born – born, born – vaksne og vaksne – vaksne. Relasjonane byggjast av varme og grensesettande vaksne. Gjennom å jobbe etter denne pedagogiske plattformen er målet at borna skal sjå tilbake på tida i barnehagen med humor, glede og trygge vaksne og at når borna går ut av barnehageporten for siste gong – klare til skulestart – har dei utvikla eit godt sjølvbilde og er rusta til å møte dei utfordringane dei vil møte vidare i livet.

«Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt. Barnehagen er òg ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidreg til å leggje grunnlaget for eit godt liv..»
(Rammeplan 2017)

«Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler.»
(Rammeplan 2017)

Barnehagen legg vekt på god takt og tone der borna er høflege og behandlar kvarandre med respekt.

2.0 PRESENTASJON AV BARNEHAGANE I HEMSEDAL

I Hemsedal har me to kommunale barnehagar som tek imot born i alderen 0-6 år.

2.1 Ulsåk barnehage

Ulsåk er ein 6 avdelings barnehage. Alle avdelingane har tur ein dag i veka, med tilpassa lengde utifrå alder. Me nyttar vårt nærrområde - sommar som vinter.

Steget	Tlf. 468 06 411
Storehødn	Tlf. 948 39 101
Krikken	Tlf. 468 14 460
Nibbi	Tlf. 900 46 530
Totten	Tlf. 468 21 353
Veslehødn	Tlf. 468 10 624

2.2 Tuv barnehage

Tuv barnehage er ein fire avdelings barnehage. Alle avdelingane har tur ein dag i veka, med litt ulik lengde utifrå alder. Vår base ligg på Fausko skysstasjon, i tillegg nyttar me det fine nærområdet vårt - sommar som vinter.

Kroken	Tlf. 916 66 811
Høllekølten:	Tlf.468 15 479
Røggelia	Tlf. 916 66 812
Åne	Tlf. 916 66 810

3.0 FAU OG SU

I samsvar med Lov om barnehagar § 4 og forskriftene, skal barnehagen ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd.

Foreldrerådet: består av alle føresette. Dei vel eit arbeidsutval (FAU) med 1-2 medlemmar frå kvar avdeling. Barnehageeigar skal sørgje for at saker av viktighet skal leggjast fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet (jmf. Lova om barnehagar §4).

Foreldrerådet: i fylgje lova skal foreldrerådet fremje føresette sine fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og føresettgruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet (SU):

2 representantar frå FAU

2 representantar frå tilsette i barnehagen (1 pedagog og 1 andre tilsette)

1 frå eigar (Hovudutval for Livsløp)

Styrar har møte – og uttalerett og fungerer som sekretær.

KONTAKTINFORMASJON FORELDREUTVALET I BARNEHAGER (FUB):

E-post: post@fubhg.no

Telefon: [477 99 200](tel:47799200)

Lenke til nettsida:

[FUB](#)

4.0 Gjeldande avtaleverk for barnehagane i Hemsedal

4.1 Lov om barnehagar

§ 1. Formål

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

(Lov om barnehagar § 1)

4.2 Rammeplan for barnehage

«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. I samiske barnehagar skal arbeidet med fagområda ta utgangspunkt i samisk språk, kultur og tradisjonskunnskap.»

(Rammeplan 2017)

4.3 Årsplan

Barnehagelova pålegg alle barnehagar å ha ein årsplan. Me har delt årsplan i to, ein langsiktig plan som er felles for begge barnehagane og ein kortsiktig som kvar barnehage utarbeidar kvar for seg. Førsette skal vere med å påverke innhaldet via FAU/SU.

Årsplanen byggjer på rammeplanen. Den kortsiktige årsplanen vert revidert kvart barnehageår medan den langsiktige vert revidert etter behov.

4.4 Vedtekter og ulike planar for barnehagane i Hemsedal kommune

De finn vedtektene og ulike planer på Hemsedal kommune sin heimeside:

[Barnehagene i Hemsedal - Hemsedal kommune](#)

4.5 Tilsyn

Hemsedal kommune fører tilsyn med barnehagane etter Lov om barnehagar. Dette for å sjå til at drifta både er lovleg og fagleg god nok.

Det er utarbeida ein tilsynsplan og rutinar for dette, i samarbeid med dei andre kommune i Hallingdal. Denne planen seier noko om kva type tilsyn kommunen som myndigheit har ansvar for (barnehagemyndigheit).

Tilsynet vil ta utgangspunkt i paragrafar i barnehagelova. Tilsyn er som oftast varsla, men kan også vere uvarsla.

4.6 Aktivitetsplikt

«Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det. Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.

Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering..»

(Lov om barnehager §42).

«Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Styreren skal melde fra til barnehageeieren.

Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at styreren i barnehagen krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende melde fra til barnehageeieren direkte.»

(Lov om barnehage §43)

5.0 INNHOLD

5.1 Informasjon

All informasjon frå barnehagen skjer via appen «Visma – min barnehage». Sensitive opplysningar som t.d. referat frå møter får de via «Visma - sikker sak» i Digipost.

5.1.1 Min barnehage-app

Hemsedal kommune brukar «Visma - min barnehage» som kommunikasjonsplattform mellom barnehagen og heimen. Når du har appen installert på mobiltelefon eller nettbrett kan du enkelt

kommunisere med din barnehage, og følgje med på ditt barns kvardag i barnehage. Innlogging gjer du enkelt med bank ID.

Med min barnehage-appen kan du:

- Gje eller avslå samtykker
- Ta i mot og sende meldingar med barnehagen og avdelinga.
- Registrere fråvær
- Ta i mot og lese dagbok, felles beskjedar, og ta del i barnehagekvardagen i form av bilete og tekst

Les informasjon om «min barnehage – føresett app» her

[Kommunisere med barnehagen din | Visma Min Barnehage - Visma](#)

5.1.2 Tilvenning

Barn og føresette blir møtt av trygge og omsorgsfulle vaksne i trygge fysiske rammer.

Tryggleikssirkelen ligg til grunn for dette arbeidet. Barn er unike og vil ha ulikt behov for lengde på tilvenning. Føresette og personalet har dialog undervegs i tilvenningsperioda.

«Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørslse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.»

(Rammeplan, 2017)

5.1.3 Arbeidet med borna

I arbeidet med borna nyttar me eit årshjul for BU (Begrepsundervisning). Personalet er autoritative vaksne som legg vekt på balanse mellom varme og krav. I alle daglege gjeremål vektlegg me borna si meistring og utvikling og jobbar litt ulikt med desse områda utifrå borna sin alder.

5.1.4 Medverknad

Tuv og Ulsåk barnehage har fokus på borna sin medverknad. Me ynskjer at borna skal kunne påverke kvardagen utifrå sine interesser og behov. Dei skal få ta del i dei daglege gjeremåla i barnehagen.

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1.»

(Rammeplan, 2017).

5.1.5 Omsorg

I alle kvardagssituasjonar og leik skal dei vaksne vise omsorg og respekt overfor barnet sine kjensler og opplevingsverd. Me har fokus på relasjonar mellom vaksne – born, born – born og vaksne – vaksne. Me ynskje å gje born og føresette tryggleik, gje kvart barn tru på seg sjølv å lære dei å fungere i gruppe med andre born og vaksne. Tryggleik skapa godt sjølvbilete.

«Barna skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivnadene, men barn påverkar òg sitt eige liv. Barnehagen skal gi rom for barnas ulike føresetnader, perspektiv og erfaringar og bidra til at barna, i fellesskap med andre, utviklar eit positivt forhold til seg sjølv og tru på eigne evner. Barn skal møtast med empati og få høve til å vidareutvikle empati og evne til å tilgi.»

(Rammeplan, 2017)

5.1.6 Leik og læring

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre.»

(Rammeplan 2017).

Begge barnehagane har fokus på leik og eit godt leikemiljø. Det er gjennom leik borna i barnehagealder lærer.



5.1.7 Språk

Språket er noko av det viktigaste som skjer i borna si utvikling. Språk gjev identitet og tilhøyre, og gjennom språket forstår barnet verda rundt seg. Småbarnsalderen er den mest grunnleggjande perioden for utvikling av språk. Born i barnehagealder er i konstant utvikling på dette området. Borna si samhandling med andre born og vaksne i barnehagen er eit viktig ledd i denne utviklinga.

Me ser viktigheitene av å bruke teiknstøtte, bildestøtte og konkretar i språkopplæringa for å sikre at alle born får likt utgangspunkt.

5.1.8 Inkluderande barnehagemiljø

Me vil jobbe for at born og vaksne har respekt for kvarandre. Det skal vere nulltoleranse for mobbing i barnehagen. I Hemsedal jobbar me aktivt for å førebyggje mobbing, og ha eit stort fokus på sosial kompetanse. Med utgangspunkt i innspel frå foreldregruppa, ynskjer me mellom anna at:

- Borna skal lære å bry seg om andre, trøyste, vise omsorg og empati
- Alle born vert sett som den dei er
- Born og vaksne har fokus på kjensler. Alt som vert sagt kan setje spor i andre.

Barnehagen har eit ansvar for å oppdage born som treng støtte så tidleg som mogleg, og gje dei eit tilrettelagt tilbod. Tilrettelegginga skal gjelde både pedagogiske, sosiale og fysiske forhold.

«Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Tilrettelegginga skal vurderast undervegs og justerast i tråd med behova og utviklinga til barnet.»

(Rammeplan, 2017)

«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt.» «Barnehagen skal synleggjere samisk kultur og bidra til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for det samiske mangfaldet. Barne RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN | 01.08.2017 10 hagen skal synleggjere eit mangfald i familieformer og sørge for at alle barn får spegla familien sin i barnehagen.»

(Rammeplan, 2017)

5.1.9 Måltid

Barnehagane har fokus på sunn mat. Me serverer 2 varmmatmåltider i veka, der eit er fisk. Borna får også frukt/grønsaker til kvart måltid.

5.1.10 Samanhengar

Målet er å skapa trygge relasjonar mellom born-born og born-vaksen. Trygghet er gjennomgåande for alt arbeidet me gjer. Me har gode rutinar for overgang frå avdeling til avdeling i barnehagen og frå barnehage til barnehage. Overgang til skulen er meir omfattande og her har me utarbeida ein eigen samanhengsplan.

5.2 Miljøfyrtårn

Barnehagen er ei miljøfyrtårnbedrift og me har difor fokus på miljø og kildesortering.

5.3 Trafikksikker barnehage

Me ferdast mykje utanfor barnehagegjerdet, og har naturen rett rundt hjørnet. Me må likevel ofte krysse bilveg og det er difor viktig for oss at borna lærer grunnleggjande ferdigheiter for å ferdast i trafikken. Me nyttar alltid refleksvest når me går på tur.



6.0 Samarbeid

6.1 Samarbeid med føresette

Det skal vere ein gjensidig respekt for dei oppgåver og det ansvaret barnehagen har i forhold til borna. Barnehagen skal møte føresette med innsikt, respekt, ha evne til å lytte og forstå og ta ulike perspektiv.

«Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet.»

(Rammeplan, 2017)

6.1.1 Barnehagen sine forventningar til føresette

For å få til eit godt samarbeid til borna sitt beste er barnehagen avhengig av at dei føresette set seg inn i planer og aktivitetar som barnehagen utfører. I tillegg er det viktig å stille opp på foreldrearrangement (forut, Lucia, fastelavn og sommarfest), foreldremøte og samtaler.

6.2 Tverrfagleg samarbeid

Barnehagen har samarbeid med familiens hus, PPT, barnevern og skulen. Målet for samarbeidet er borna sitt beste. Tidleg innsats vil fremje utviklinga til borna vidare i livet. Samarbeidet skal vere av generell art og dersom føresette samtykker kan det også gjelde enkeltbarn.

6.3 Sorg og kriseteam

I tillegg til kriseleiinga, har Hemsedal kommune eige sorg – og kriseteam.

[Sorg – og kriseteam](#)

6.4 Personalsamarbeid

Personalet i barnehagane legg vekt på triveleg miljø, humor, gode rutinar, samarbeid, kommunikasjon og aktivitetar i fellesskap for å byggje eit godt arbeidsmiljø. Vårt arbeidsmiljø påverkar også borna sitt barnehagemiljø.

7.0 Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Årsplanen dokumenterer innhaldet i den pedagogiske verksemda i barnehagen for å sikre kvalitet og utvikling. Kvar avdeling utarbeidar ein månadsplan som er meir detaljert. I månadsplanen vert det gjeve diverse informasjon om den næraste månaden og evaluering av den førre månaden.

«Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.»

(Rammeplan, 2017)

Det er viktig at føresette kjem med tilbakemelding, både positivt og negativt. Føresette er representert i foreldreråd og samarbeidsutval der dei har reell innflytelse på vurderingsprosessen. Vurderingar kjem også fram ved daglege tilbakemeldingar.

7.1 Ulike fristar

Innskriving i skulen: November

Søknad barnehageplass: 1. mars og 1. oktober

Søknad SFO plass: 1. mars